

Støtt dei nye utstillingane våre!

I august 2017 står det nye museet på Herdla ferdig og i løpet av dei komande åra skal me fylla bygget med spennande utstillingar. Me har idear og fagkunnskap, men treng økonomisk støtte for å få sett planane ut i livet. Difor søker me støttespelarar.

Gjennom tilskot og eigeninnsats skal me innan 5 år ha på plass eit tilbod som gjer Herdla til det mest spennande dagsturmålet i Bergensregionen





Herdla heile året

Målsetjinga vår er å gje besøkande i alle aldrar opplevingar som berre Herdla kan by på. Me vil ha eit tilbod gjennom heile året og leggja like stor vekt på aktivitet og friluftsliv som tradisjonell museumsformidling.

Me har alt eit godt tilbod innanfor feltet krigs- og forsvarshistorie. Hovudfokuset i dei nye utstillingane vil såleis vera på natur og miljø. I tillegg legg me opp til å vera eit knutepunkt for turgåarane på øya. Samanfatta vert «Nye» Herdla museum såleis ein kombinasjon av museum, natursenter og friluftshus.


«Oppdag Herdla»

Publikum vil møta denne utstillinga gjennom filmen «Herdla gjennom året». Her får ein sett øya i breitt format og frå

mange ulike vinklar. Inspirert av filmen trur me mange vil få lyst på ein tur ut i det fri. Eit eige infokart med løyper og turmål skal gjera det lett å finna ein tur som passar interessene og tidsplanen til den einskilde.

Den andre delen av utstillinga har tittelen «Ekspedisjon Herdla». Her siktar me oss inn mot born og unge ved å spela på utforskartrongen deira. Utgangspunktet vil vera eit stort «skattekart» der 12 spennande stader på Herdla er merka av.

Det høgste punktet på øya kan vera ein slik post, ein bortgøymd bunker frå krigens dagar ein annan. Utfordringa blir ikkje berre å finna postane men også å løysa ulike oppgåver undervegs.





Utstillingar om aktuelle miljøtema

I tråd med at me skal vera både museum og natursenter vil ei miljøtilnærming vera ein del av fundamentet vårt. Dette vil koma til uttrykk i alle utstillingane, men mest eksplisitt i ein eigen seksjon der me set fokus på aktuelle miljøtema. Den første utstillinga vil ta for seg marin forsøpling og skal vera klar til museet opnar.

Korleis finn trekkfuglane vegen?

Dette er eit spørsmål som har oppteke menneska gjennom alle tider. Ringmerking i kombinasjon med moderne metodar som GPS-sporing har gjeve oss god oversikt over trekkrutene til dei ulike artane, men me veit framleis ikkje heilt korleis fuglane finn fram.

I denne utstillinga vil me freista kasta lys over dette spørsmålet med utgangspunkt i nokre av dei artane som er karakteristiske for Herdla. Me vil samarbeida med Herdla fuglestasjon slik at aktuelle observasjonar vert ein del av utstillinga.





«Herdla i eit nøtteskal»

Kva kjenneteiknar Herdla? Me vil freista svara på dette ved å stilla ut rundt 20 gjenstandar som skal representera essensen av øya. Gjenstandane vil bli viste i ein spesialtilpassa monter forma som ein tidskapsel. Plassert i vringleområdet i 1. høgda ser me for oss at montereren skal gjera publikum nyfikne slik at dei også vitjar utstillingane i 2. høgda.



Herdla på fem minuttar

I denne seksjonen vil me samanfatta 12.500 år av Herdla si historie. Målet er å få fram viktige hendingar og utviklingstrekk på ein uhøgtidleg måte gjennom å kombinera animasjon, film, bilete og utstilte gjenstandar.

Plassert ved inngangen i 2 høgda vil denne presentasjonen fungera som ein introduksjon til hovudutstillinga.



Idéskisser til utstillingane



Nytt museumsbygg

Kravet til det nye museet var at det skulle vera fleksibelt og rimeleg – men samstundes ha ein tydeleg karakter. Resultatet vart eit bygg med ei enkel kubeform der mykje av særpreget ligg i den transparente fasaden som medfører at atmosfæren innadørs endrar seg i takt med værforholda. Mot sør og aust kan delar av fasaden skyvast til side slik at bygget i endå større grad opnar seg mot omgjevnadane. På kveldstid er det lyset inne som vil synast slik at bygget står fram som eit lysande landemerke.

Servicefunksjonar som kafé og toalett er lagt til 1. høgda med publikumsarealet i ein firkant rundt ein kjerne som inneheld kjøken og resepsjon.

I 2. høgda er utstillingsarealet fordelt på to kryssande fløyar der den eine går gjennom fasaden og endar i ein glasvegg. Herifrå vil ein ha panoramautsyn mot Herdlevælen - området som kanskje tydeligast karakteriserer Herdla.

Arkitekt: Trygve Solløs

Byggherre: Askøy kommune

Entreprenør: Nævdal Yrkesbygg

Kostnadsramme: 20 mill.

Grunnflate: 360 kvadratmeter

Totalareal: 520 kvadratmeter

Ferdig bygg: 15.07.17

Opning ca.: ca. 30.08.17






Herdla:

Med sine lange strender og store flatar er Herdla heilt eineståande på Hordalandskysten. Dei spesielle naturforholda er grunnlaget for at ein her finn både den største garden og det viktigast fugleområdet i fylket. På Herdla finn ein også mange spennande kulturminne, ikkje minst frå 2. verdskrigen då øya var ein viktig tysk base med både flyplass, kystfort og torpedobatteri.



Museet:

Det var eit stort lokalt engasjement som var grunnlaget då Herdla fekk sitt eige museum i 1995. Askøy kommune gav stønad til etableringa og har sidan stått for eit fast tilskot til drifta. I samband med den nasjonale museumsreforma slutta Herdla museum seg i 2005 til Museum Vest som no omfattar sju ulike avdelingar i kommunane Askøy, Bergen, Fjell, Sund, Øygarden og Masfjorden.



Fortet:

Kystfortet, som omfatta både torpedobatteri og kanonstillingar, blei etablert av den tyske okkupasjonsmakta. Etter krigen overtok Kystartilleriet anlegga som vart moderniserte i fleire omgangar. I 2001 var det likevel slutt. Forsvaret avvikla aktiviteten sin og området blei omgjort til offentleg friluftsområde.

Godt tilrettelagt og med mange spennande kulturminne har Herdla fort raskt blitt populært blant publikum. I 2015 blei fortet kåra til det beste friluftsområdet i Hordaland.



Naturreservat og fuglefredingsområde

Herdla er den rikaste fuglelokaliteten i Hordaland med meir enn 240 registrerte arter. For å sikra fuglelivet er det oppretta eit fredingsområde på og rundt øya. Det er dei spesielle naturforholda med strender og grunne sjøområde som gjer at fuglane søkjer til Herdla.

I løpet av våren vil Museum Vest saman med Fylkesmannen i Hordaland reisa eit spesialteikna fugletårn som vil betra situasjonen for både fuglar og folk.



“Gul-16 – jagarflyet frå djupet”

I desember 1943 styrta eit tysk jagarfly av typen Focke Wulf Fw 190 i sjøen vest av Misje på Sotra. I 2005 blei vraket lokalisert av Sjøforsvaret. Året etter blei det heva og etter kvart frakta til Herdla, der det tok av på sin siste tur 64 år tidlegare. Utstilt i ein eigen hall på Herdla fort har “Gul-16» sidan 2010 vore museet sin største attraksjon.



Herdla torpedobatteri

Torpedobatteriet på Herdla er basert på det opphavleg tyske batteriet og sidan modernisert i fleire omgangar, siste gangen mellom 1988 og 1995. Då Kystartilleriet blei avvikla i 2006 hamna batteriet på vernelista før det endeleg blei freda i 2014. Ein guida tur gjennom anlegget kan opplevast som ei tidsreise tilbake til den kalde krigen.

Utstillingsgruppe: Geir Sebjørnsen, Randi Danielsen og Gunnar Furre

Kontakt:

e-post: gunnar.furre@museumvest.no

tlf.: 970 94 729

www.museumvest.no

